



Morgan Atle Sagstad
Indre Sagstad 21
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/242 - 16/2363

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

08.02.2016

Svar på søknad om graveløyve

Viser til dykkar brev dagsett 24.01.16 og drøftingsmøte 18.01.16 der de ber om løyve til graving for opparbeiding av oppstillingsplass/lunne plass.

I søknaden viser du til at grunna teknisk infrastruktur er det i dag trongt i tunet og rundt driftsbygningar, og at det er behov for meir plass i samband med landbruksdrift. Du viser til at det er planlagt bruk i samband med oppstilling av landbruksmaskiner og utstyr samt bruk til velte plass for vidareforedling av tømmer til ved og material. Vidare har du opplyst at de på litt lengre sikt ynskje å oppføre eit lagringsbygg til landbruksmaskiner og utstyr som nyttast i drifta.

Kommunen har sett på kart vedlagt søknad og opplysningar gitt i drøftingsmøte, og viser til §1-3 virkeområde i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveger. I §1-3 kommer det klart fram at forskrifta ikkje gjelder for opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskiner. Dei tiltak som du har beskrive er difor ikkje søknadspliktige etter landbruksvegforskrifta, men kommunen vil påpeike at ein oppstillingsplass ikkje kan overstige 450 m² eller har ei skjæring eller fylling i terrenget på meir enn 1 meter. Dersom det blir aktuelt å oppføre bygg på desse plassane i samband med landbruksdrift vil bygging vere eit søknadspliktig tiltak.

Tiltak som er omtalt i § 1-3 i forskrifta som ikkje søknadspliktig, kan bli søknadspliktig dersom dei vil ha ein negativ effekt på dei omsyn forskrifta skal ivareta i formålsparagrafen jf. §1-1. Kommunen ser ikkje at det i dette tilfellet vil kunne ha ein negativ effekt på dei omsyna. Kommunen vil påpeike at det er ei omsynssone på elva frå Øvre Sagstad, og viser til tidligare utsendt informasjonsskriv. Sona går litt vidare enn der elva er lagt i rør, i den nedre delen av dykkar dyrka mark. Omsynssona gjelder 15 meter frå midten av elva, og oppstillingsplass/velte plass må difor ligge lenger unna elva enn 15 meter.

Dersom det ikkje føreligg godkjent avkøyring frå offentleg veg, må dette søkast om og godkjennast.

Har de fleire spørsmål, kan de kontakta underteikna.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Mottakere:

Morgan Atle Sagstad

Indre Sagstad 21 5918

FREKHAUG